

A wooden sign with the text "ROGALAND ARBORET" is mounted on three vertical wooden posts. The sign is made of a single piece of wood with a natural, weathered texture. The background is a dense forest of tall, dark green coniferous trees under a clear blue sky. In the foreground, there are several smaller, younger coniferous trees and ferns growing in a mulched area.

ROGALAND ARBORET

Årsmelding for 2015

INNHALD

Styret, underutvalg og arbeidsgrupper	s. 3
Representantskapet 2015-2019	s. 4
Representantskapsmøte 27.04.2015	s. 6
Minneord: Bjørn A. Stangebye	s. 7
Framtidig organisering og utvikling av Arboretet	s. 9
Tilsette og ekstrahjelp	s. 10
Arboretprisen og Magnoliaprisen	s. 11
Dugnad og arbeidshjelp	s. 11
<u>Forskningsrelatert aktivitet:</u>	
– Fagkontakt og forskningssamarbeid	s. 13
<u>Formidling og forvaltning:</u>	
– Besøkande	s. 14
– Undervisning og informasjon	s. 14
– Informasjonsprosjektet	s. 14
– Ny natursti	s. 15
– Omvisning og orientering	s. 15
– Fugleprosjektet	s. 15
– Registrering av sopp	s. 18
– Flaggermusprosjektet	s. 18
– Generelt plantearbeid	s. 19
– Artsamlinga av <i>Rhododendron</i>	s. 20
– Vegetasjonskontroll	s. 21
– Dammar, vegar, plenar	s. 22
– Rydding og hogst	s. 25
– Flis og ved	s. 26
– Brannvern	s. 26
– Bygningar og anlegg	s. 27
– Bil, maskinar og utstyr	s. 27
– Kontor, administrasjon og andre faglege oppgåver	s. 28
– Planar om nybygg	s. 29
– Kurs for staben	s. 29
– Diverse	s. 29
– Vegar og stiar i Rogaland Arboret	s. 31
Støtte til Arboretet	s. 32
Resultatrekneskap 2015 for stiftelsen Rogaland Arboret	s. 35-40
Årsberetning 2015 for stiftelsen Rogaland Arboret	s. 41
Revisorberetning 2015 for stiftelsen Rogaland Arboret	s. 42-43
Resultatrekneskap 2015 for stiftelsen Bjørn A. Stangebyes minnefond	s. 44-46
Årsberetning 2015 for stiftelsen Bjørn A. Stangebyes minnefond	s. 47
Revisorberetning 2015 for stiftelsen Bjørn A. Stangebyes minnefond	s. 48-49
Likviditetsbudsjett for 2016	s. 50
Arbeidsplan for 2016	s. 51
Utplanta i 2015	s. 52
Vedtekter for stiftelsen Rogaland Arboret	s. 58
Vedtekter for stiftelsen Bjørn A. Stangebyes minnefond	s. 59
Sponsorside (sjå s.32)	s. 60

Stiftelsane Rogaland Arboret og Bjørn A. Stangebyes minnefond til beste for Rogaland Arboret

Årsmelding for 2015

STYRET

Etter Representantskapsmøtet 27.04.2015 har samansetninga vore slik:

	på val	Vararepresentantar:	på val
Olav Folkvord, styreleiar	2017*)	Lars Helge Strand	2016
Siri Bryne Ringstad, nestleiar	2017	Karin Byre Korneliussen (2)	2016
Gudrun Kristensen	2016	Arnt Mørkesdal (3)	2016
Jon Lea	2017		
Per Steinar Lothe	2016		
Odd Arild Kvaløy	2017		
Evald Storaas Traa	2016		
John Ivar Lima	Fast medlem som driftsleiar		

*) Styreleiaren er på val kvart år

Faglig Utvalg

Per Harald Salvesen	01.07.2017
Ellen Tjørnhom Bøe	01.07.2016
Inge Christ	01.07.2017
Anne-Cathrine Scheen	01.07.2016
John Ivar Lima	Fast medlem som driftsleiar

ANDRE STYRINGS- OG ARBEIDSORGAN

Representantskapet

20 medlemmar med personlege varamedlemmar.

Ordførar i Representantskapet	Bjørn Bråtveit, årleg ordførarval
Rekneskapskontor	Teamregnskap AS
Revisor	Sumergo DA
Valkomité - årleg val	Dag Tveit, leiar
	Karen Fosså Handeland
	Hallgeir Langeland

Arbeidsgrupper

Budsjettgruppa: Olav Folkvord, Evald Storaas Traa og John Ivar Lima

Møter

Representantskapet	1 ordinært møte
Styret	5 ordinære møte
Faglig utvalg	3 møte

Representantskapet, medlemmer og personlege varamedlemmer 2015-2019

Medlem **Personleg varamedlem**

Rogaland Fylkeskommune

Jan Refsnes

Heidi Bjerga

Kåre Jørgensen

Tore A. Haaland

Stavanger kommune

Helge Gabrielsen

Nina Ørnes

Hege Blom

Lill Quigstad

Ole Kallelid

Ayan Abdidahir M. Jama

Sandnes kommune

Jorunn Lura Haaland

Leidulv Harboe

Tore Haye

Nina Eltervåg

Fredrik Hultman Bjørgo

Olav Skjørestad

Randberg kommune

Ingve Lerang

Elisabeth Klette

Sola kommune

Arild Fosså

Tor Sigve Risa

Klepp kommune

Kåre Strand

Kirsten Olafsrud Vestvik

Time kommune

Lene Sikveland

Oddbjørn Fosse

Gjesdal kommune

Liv Todnem

Jan Andreassen

Hå kommune

Svein Høyland

Renate Skretting

Universitetet i Stavanger

Frode Skarstein

Arkeologisk museum i Stavanger

Ellen Tjørnhom Bøe

Lisbeth Prøsch-Danielsen

Skogselskapet i Rogaland

Gerd Inger Aarnes

Elisabeth Schmidt

Rogaland Botaniske Forening

Gaute Slaattebræk

Svein Imsland

Hageselskapet Rogaland

Henry Tendenes

Ole Geir Skjæveland

Stavanger Gartnerforening

Torhild Bryne Ringstad



REPRESENTANTSKAPSMØTE 27.04.2015

15 av 20 representantar møtte, og møtet var dermed vedtaksført. Frå valkomitéen møtte Dag Tveit og Karen Fosså Handeland. Frå Styret møtte Reidunn Oline Skadsem, Siri Bryne Ringstad, Olav Folkvord, Evald Storaas Traa og Per Steinar Lothe. Frå staben møtte John Ivar Lima.

Møtet blei leia av ordførar i Representantskapet, Bjørn Bråtveit.

Konstituering

Som referent blei vald Evald Storaas Traa. Torhild Bryne Ringstad og Leiv Velle Åreskjold blei valde som medunderskrivarar til protokollen.

Årsmelding, rekneskap og revisormelding blei samrøystes godkjende utan særskilde merknadar.

Under gjennomgangen av årsmeldinga blei det svart på spørsmål og kommentarar fortløpande, både av styrerepresentantar og driftsleiar.

Val

Pga. endring av vedtektene når det gjeld valperiode frå 3 til 2 år, og alle styremedlemmane stod på val, måtte halvparten av dei trekkjast ut for å stå berre 1 år. Varamedlemmane blei valde for berre 1 år. På denne måten blei det oppnådd ein tilfredsstillande innbyrdes valperiodefordeling.

Alle val var i samsvar med valkomitéen sine forslag.

Olav Folkvord blei samrøystes attvald som styreleiar i 1 år ved akklamasjon.

Revisor. Sumergo DA blei samrøystes attvald som revisor.

Ordførar i Representantskapet. Bjørn Bråtveit blei samrøystes attvald ved akklamasjon.

Valkomité – 1 år

Karen Fosså Handeland, Hallgeir Langeland og Dag Tveit blei samrøystes valde ved akklamasjon. Dag Tveit blei vald som leiar ved akklamasjon.

Budsjett og arbeidsplan for 2015 blei lagde fram til orientering.

Eventuelt

Før møtet blei formelt opna, informerte styreleiar Olav Folkvord litt om status for den omfattande og langvarige reguleringsplanprosessen som Styret har måtta kjempe seg gjennom ang. det påtenkte nybygget. Behovet for å endre Arboretet sin områdestatus har også kome klart fram som ei følgje av denne tunge, årelange planprosessen.

Folkvord uttrykte også frustrasjon over den begrensning og belastning som dei strenge fredningsbestemmelsane for det tidlegare sitkagranskogarealet utgjær for Arboretet. Han peika på inkonsekvensen ved å nekte planting av enkelttre av bøk med stor avstand, kontra den naturlege tilgroinga som vil bety ein tett og ukontrollerbar skog- og krattvegetasjon.

Enkeltspørsmål og kommentarar frå representantane blei svarte på etterkvart i møtet.

Møtet blei avrunda med eit enkelt måltid.

Til minne - Bjørn A. Stangebye 1921 - 2015

Bjørn Abraham Stangebye, født 3. august i Hurum i Buskerud, død 21. oktober 2015.

Bjørn vokste opp sammen med 2 søsken, i området som tilhørte Engene Sprengstoff fabrikk i Hurum, der faren var kontorsjef. Han fikk tidlig interesse for jordbruk, og utdannet seg til agronom. I 1943 blei han innrullert i Milorg, og levde siste krigsåret i skjul som en av «gutta på skauen». Skogen og trærne fikk således en helt spesiell betydning i hans tilværelse, noe som etter hvert skulle prege hele hans liv.

Høsten 1945 reiste han til England og studerte videre. Det var i denne tiden han først ble kjent med begrepet «arboret». På en landbruksmesse der traff han rogalendingen Christian Eik, fra firmaet Eikmaskin, som forhandlet traktormerket Massey Ferguson her til lands. Da han så vendte tilbake til Norge i begynnelsen på 1950-tallet, flyttet han til Stavanger. Eikmaskin ble hans arbeidsgiver helt frem til han førtidspensjonerte seg i 1986.

Østlendingen og Milorg-mannen Bjørn ble mer og mer opptatt av trær etter hvert som årene gikk. Dette skapte en sterk lengsel etter å kunne etablere et arboret her i distriktet. Kona Solveig var den som oppmuntret han til å prøve å realisere sine ønsker og arboretldrømmer. Katastrofebrannen i Melsheimrådet 7. mai 1970, satte for alvor fart i håpet om å få etablere et arboret i Rogaland.

Bjørn ble utpekt som den naturlige formannen for interimstyret til Rogaland Arboret 01.12.1972. Han ble siden styreformann for Arboretets ordinære styre som ble etablert i mars 1975, og hadde siden denne formannsrollen helt til han fratrådte sitt styreverv i april 1995. Han ble en hardtarbeidende styreformann, og la ned kolossal innsats i ulike deler av anlegget, både med opprydding etter brannen, oppdyrking av plenområder og med anlegging av stier og dammer.

Bjørn var visjonær, og hadde en egen evne til drømme og se for seg prosjekt og ideer bli realisert. Han stod for utstikkingen av traséene på de fleste stiene og veiene, i tillegg til dammer og plenområder. Han var veldig bevisst på å tilpasse og anlegge veiene og dammene slik at disse skulle inngå harmonisk og mest mulig naturlig i topografien og landskapet. Han var også den som initierte idéen til oppføringen av både Tømmerhytta og Aktivitetshuset (kafeteriaen). Etableringen av Arboretfondet i 1983, var også et resultat av Bjørn sitt pågående og ukuelige engasjement. I årenes løp bidro han personlig med betydelige beløp til fondet.

Det siste store prosjektet han initierte og ble involvert i, var etableringen av det kombinerte brann- og vanningsanlegget, som stod ferdig i 1995.

Hans bidrag til en ekstra parkeringsautomat i 2012 forteller litt om den lidenskap og brennende engasjement han alltid hadde for Arboretet.

I 1987 mottok Bjørn Kongens fortjenestemedalje i sølv, og han ble i 1992 tildelt både Sandnes kommunes kulturpris og Rogaland fylkes miljøpris. I forbindelse med Arboretets 25-års jubileum i 1997, ble Bjørn æret med et relieff utenfor Aktivitetshuset.

Han hadde en usedvanlig skarp og god hukommelse, noe som mange ganger har vært av stor verdi i diverse anleggsmessige sammenhenger.

Det var liten plass for diplomati og diskusjon når det handlet om realisering av idéer og tanker han selv trodde på. Hadde han først bestemt seg, var det få eller ingen som kunne rokke noe ved dette.

Han kunne nok oppleves både som uvøren og lettantennelig for besøkende hvis han møtte noen som var så uheldige at de hadde tatt med seg noen blader eller småkvister fra bakken. Om noen passerte pengekasene uten å betale, kunne de raskt bli tilsnakket av en brautende og oppfarende Bjørn. Den som har opplevd å bli skjelt ut høylytt av Bjørn i andres p  h  r, glemmer ikke dette s   lett.

Noen har nok kritisert Bjørn for    v  re altfor anleggsfokuset, p   bekostning av det arboretfaglige. Kritikken kan nok v  re berettiget, men ettertiden har vist hvor viktig det har v  rt    legge området mest mulig til rette for det brede lag av bes  kende. Den raske fremveksten og utbyggingen av sti- og veinettet fikk en enorm betydning for folks bes  k, bruk og utvikling av Arboretet. I tillegg til den driftsmessige fordelene med en bra infrastruktur, ble st  rstedelen av Arboretarealet veldig raskt tilgjengelig for almuen. Det er ingen tilfeldighet at Melsheia og Arboretområdet ble k  ret til Sandnes sitt beste turomr  de i 2015.

Bj  rn levde med den altoppslukende pasjonen og tankene p   Arboretet, helt fram til sin siste dag. Dette unders trekkes ved at relieffet av Bj  rn har f  tt underteksten «Arboretets far».

Rogaland Arboret blir st  ende som et monument over hans store livoppgave, og vil for alltid v  re n  rt forbundet med personen Bj  rn A. Stangebye.



FRAMTIDIG ORGANISERING OG UTVIKLING AV ARBORETET

SAMRÅDSMØTE MED DEI BIDRAGSYTANDE KOMMUNANE 12.09.2013

Utgangspunktet for dette møtet var at det skulle vere ei oppfølging av møtet med dei bidragsytande kommunane tilbake til juni 2011. Håpet frå Arboretet si side var å få på plass ein avtale som kunne sikre ein betre forutsigbarhet, større driftsbidrag og med ei fastsett indeksregulering.

Ut ifrå septembermøtet i 2013 blei det utarbeida eit forslag til felles tekst, og som kunne takast inn i bidragskommunane sine økonomi- og handlingsplanar for 2014 – 2017:

«Primærkommunene som er stiftere i Rogaland Arboret og styret i stiftelsen, avholdt den 12.9.2013 samrådsmøte om fremtidsutsikter for arboretet. Kommunene er enige om at det inngås en 4 årig avtale fom 2014 som håndterer driftstilskuddet, og der det foreslås at Sandnes yter kr 14,- pr innbygger, Stavanger kr 5,- og øvrige kommuner kr 8,-.

Det er videre enighet om at det i løpet av avtaleperioden skal utredes og fremmes forslag til fremtidig organisering/eierform for stiftelsen. Den vitenskapelige delen av arboretet må vektlegges her på samme måten som at fortsatt frivillig innsats og samarbeid med andre aktører sikres. Arbeidet ledes av rådmennene».

OPPFØLGING ETTER SAMRÅDSMØTET

Det blei motteke eit brev med notat frå rådmannen i Sandnes året etter, datert 12.09.2014.

I dette notatet var det utforma eit forslag frå rådmennene til mandat for utgreiingsarbeid for framtidig organisering og utvikling av Arboretet. Her blei det framsett forslag om å etablere ei arbeidsgruppe og ei styringsgruppe, som vil bli tillagt sine spesifikke oppgåver i prosessen etter nærare fastsett mandat.

I brevet framkom m.a. følgjande:

«Det vil fremgå at Sandnes kommune påtar seg et vesentlig ansvar for gjennomføringen av utredningsoppdraget ved å påta seg leder- og sekretariatsansvaret i arbeidsgruppen. Rådmannen ber om at de øvrige partene utpeker sine representanter til både arbeids- og styringsgruppen. Rådmannen vil deretter innkalle til oppstart av arbeidet. En første oppgave blir da å eventuelt revidere mandatet og utforme et arbeidsprogram m/tidsplan for å få en omforent forståelse av det forestående arbeidet».

I løpet av 2014 blei samansetninga av hhv. styrings- og arbeidsgruppa klar.

Oppnemnte til styringsgruppa blei Per Hanasand, Kolbjørn Sandve, Olav Folkvord, Leidulf Skjørestad og Eli Viten. Oppnemnte til arbeidsgruppa blei Ane Eikehaugen, Kåre Strand, Torgeir Sørensen, Anne-Cathrine Scheen, Thorsten Gotterup og John Ivar Lima.

UTGREIINGSARBEIDET I 2015

På initiativ frå Sandnes kommune blei det 23.01. innkalt til eit felles oppstartsmøte. På dette møtet blei mandatet forenkla og presisert:

- «Rogaland Arboret's formål og arbeidsoppgaver gjennomgås og oppdateres. Det presiseres at både arboretets funksjon som regionalt friområde og den vitenskapelige delen av driften skal vektlegges.

- Arbeidsoppgaver og grenseflater mot andre aktører bes gjennomgått og vurdert. Botanisk hage er en slik aktør. Også eventuelle andre aktuelle aktører i regionen bes tatt med i utredningsarbeidet.

- Framtidig eierform, organisering, drift og finansiering bes utredet og eventuell endring foreslås.»

Det blei også utforma ein framdriftsplan for det vidare utgreiingsarbeidet. Ramma for dette arbeidet var å kunne presentere ein ferdig rapport innan utgangen av 2016.

Det har i løpet av året blitt avhaldne 8 møte i arbeidsgruppa og 3 felles møte med styringsgruppa.

Eit kartleggingsarbeid av både Stavanger botaniske hage og Rogaland Arboret har blitt gjort for å kunne få ein oversikt over økonomi, rekneskap, ressursbruk og fordeling i begge institusjonane.

Vidare har ein vurdert og samanstilt ulike organisasjonsformer, søkt kontakt og hatt samtalar med potensielt aktuelle samarbeidsaktørar med tanke på moglege framtidige organisasjonsmodellar.

I denne prosessen har det blitt lagt vekt på å sikre det vidare grunnlaget for ei vitenskapeleg fundert utvikling av begge institusjonane.

Ein uavhengig og fagleg fundert rapport etter vitenskapelege kriteriar, blei på oppdrag utført av Axel Dalberg Poulsen (PhD), f.t. forskar ved Royal Botanic Garden Edinburgh og tidlegare leiar for Botanisk hage på Tøyen i Oslo.

TILSETTE

John Ivar Lima, driftsleiar. Tilsett 09.02.1987.

Olaug Marie Høie, kontoransvarleg. Tilsett 26.03.2001.

Jøran Oseland, teknisk ansvarleg. Tilsett 01.04.1992.

Agnar Trodahl, fagarbeidar. Tilsett 03.09.2014.

Dariusz (Darek) Gol, maskin- og vedlikehaldsarbeidar. Fast tilsett 01.01.2013.

Endre Hodnefjell, pensjonist og hjelpearbeidar. Hodnefjell nådde pensjonsalderen

29.11.2014, men hadde ynskje om å halde fram i arbeidet, med ca 35 t / mnd. Var tilsett i Arboretet sidan 21.10.1985.

Avtalen med Arkeologisk museum – UiS og Stavanger kommune om ei delt forskarstilling blei avslutta i 2013. Som ei følge av dette måtte viktige dokumentasjons- og formidlingsoppgåver settast til sides.

Med mål om å kunne få kompensert litt ved bortfallet av denne stillinga, inngjekk Arboretet ein avtale på konsulentbasis med botanikar Hanne Hegre Grundt f.o.m. desember 2014.

Hensikten var å sikre seg ein person med solid og relevant vitenskapleg kompetanse, og som skulle kunne ivareta prioriterte dokumentasjons- og formidlingsoppgåver. Hegre Grundt har doktorgrad i systematisk botanikk frå UiO, driv foretaket FlowerPower, og har ei allsidig erfaring med informasjons- og formidlingsarbeid innanfor botanikkfaget.

EKSTRAHJELP

Ingeborg Oseland, student, vaskehjelp (120 t)

Lisabeth Oseland, student, vaskehjelp (126 t)

Agathe Sunde, student, vaskehjelp, tilsett 02.09. (54,5 t)

Karna-Krestine Hetland, student, vaskehjelp, tilsett 02.09. (35,5 t)

Ingrid Høie Vadla, student, sommarhjelp (187,5 t)

Solveig Pettersen, student, sommarhjelp (187,5 t)

Janne Lima, student, sommarhjelp (88 t)

Johannes Oseland, student, sommarhjelp (75 t)

Marie Halbig, Tyskland, student, sommarhjelp (78 t)

Brendan Reid Spencer, Tenerife, student, sommarhjelp (86,5 t)

ARBORETPRISEN

Prisen får sitt synlege uttrykk i form av ein liten bronsemodell av inngangsportalen. Arboretprisen blir delt ut til personar, institusjonar og bedrifter som i særleg grad har gjort Arboretet tenester.

1990 Sandnes Sparebank	1997 Esso Norge
« Johan Eik	« Kverneland Underhaug
« Sjur Svaboe	« Stavanger tekniske fagskole
1991 Torstein Braut	1998 SpareBank 1 SR-Bank
« Arne F. Bryne	1999 Sven Åsland
« Ingebret Folkvord	« Lions Club Sandnes
« Tormod Hagen	« Lions Club Sandnes Ganddal
« Alf Klingsheim	« Lions Club Sandnes Høyland
« Torleiv Todnem	« Lions Club Sandnes Riska
« David Vatne	« Lions Club Gjesdal
1992 Einar Biørn-Hansen	2000 Osmund Nygaard Hove
« Jon Gjedebo	2001 Leif Refsnes
« Jonas Nygaard	2003 Egil Skadberg
« Anton Thomsen	2005 Statskog
1993 Lyse Kraft	2006 Sigurd Aarsland
1994 Conoco Norway	« Sven Halsne
« J.J. og Lars Øglænds fond	2007 Bjørn A. Stangebye (forgylt spesialutgåve)
1995 Einar Søndeland	2013 Magnar Bø
« Alf Hansen	« Helge Mattingsdal

MAGNOLIAPRISEN

Magnoliaprisen blir delt ut til personar som i særleg grad har styrka Rogaland Arboret sitt arbeid med å synleggjere naturmangfaldet, og bidrege til auka kunnskap om og interesse for naturmiljøet. Denne nye utmerkinga har form av ein diplom, utforma av Herborg Kverneland.

2009 Tore Randulff Nielsen

DUGNAD OG ARBEIDSHJELP

Vi har heilt sidan 1985 hatt eit godt og nyttig samarbeid med lærarar og elevar frå **Gand videregående skole**. Helge Mattingsdal har heilt frå starten av og fram til sommaren 2015, hatt ansvaret for grupper av elevar på arbeidstrening i Arboretet.

Frå 2002 har han også hatt med seg andre kollegaer i dette opplegget, som dette året var Marie Louise S. Lea, Helen Steinskog, Toril Laksesvela og Ole Johan Bringeland.

F.o.m. hausten 2009 blei elevane delte i to grupper, slik at kvar gruppe hadde kvar sin dag med nokre timar arbeidstrening.

Frå hausten 2015 overtok Ole Johan Bringeland ansvaret for dette opplegget.

Ved at elevane får så god oppfølging heile tida, er dette opplegget for det meste sjølvgåande.

Med litt tilrettelegging i form av utstyr og køyretøy, klarar dei seg utmerkt på eiga hand.

Såleis er dette samarbeidsopplegget ei bonusordning for oss, men det er kjekt å vite at dette er til gjensidig nytte. Arbeidsoppgåvene har for ein stor del vore knytt til utlegging

av flis på mange av småstiane, sal og utkøyring av ved, i tillegg til enklare forefallande vedlikehaldsoppgåver.

Lions-klubbane i regionen har heilt sidan 1990 hatt ansvaret for kafeteriadrifta i Aktivitetshuset vårt. Det har blitt lagt ned mange dugnadstimar blant medlemmane i Lions Club for å kunne halde dette opplegget gåande. All denne frivillige innsatsen, kopla med idealisme og velvilje, har også gitt Arboretet sårt tiltrengte og årvisse inntekter. Dette kontinuerlege og stabile samarbeidet har gjennom alle desse 25 åra vore av stor verdi for Arboretet. Det betyr mykje for mange av våre besøkande at vi kan tilby ei enkel servering kvar søndag gjennom heile året. I tillegg har eldsjeler i klubben hatt ansvaret for gjennomføringa av det årlege rullestølløpet «Full Rulle». 2015 var eit spesielt godt år for kafésalet, som gav kjærkomne og tiltrengte ekstrakroner til drifta.

Magnar Bø har også dette året lagt ned mange dugnadstimar med tilsyn av fuglekassane og ringmerking . Dette er verdfulle bidrag til aktivitetsmangfaldet og betyr eit ekstra innslag i naturmiljøet i Arboretet.

I oktober ankom eit nytt stort parti av Rhododendronplanter som blei gitt gratis av vår danske fagkontakt **Ruddi Perriard**. 5 personar frå **Rhodo Sør-Vest** var med på flytte- og transportjobben som strekte seg over fleire dagar. I alt 3 varebilar måtte til, der heile dette flytte- og transportprosjektet blei bekosta av **Fjogstad-Hus**.

Reidar Vigrestad og **Oddbjørn Fosse** hjelpte også til i etterkant med tilplantinga av småartane i alpinfeltet.

Frivillige og interesserte i **Sandnes Idrettslag** har også dette året gjort ein stor innsats i gjennomføringa av Arborettrimmen.

Sandnes Rotary Klubb var på dugnad i Arboretet 5. mai. Dei hjelpte oss med å stamme opp furutrea langs høgdedraget aust for Rhododendrodalen. **John Sverre Frøyland** har også dette året gjort ein stor innsats med undersøking, koordinering og tilrettelegging for å få igangsett prosjekteringsarbeidet for utbetring av infrastrukturen. Dette prosjektet vil i sin tur danne grunnlaget for at Arboretet skal kunne kople seg til det offentlege vatn-, kloakk- og fiberkabelnettet.

Rolf Austerheim tilbydde oss si hjelp på eige initiativ. Han gjorde eit godt arbeid med oppreinsking og preparering i fleire av grøftene, både langs øvre del av Via Bella og nedst i Rundgangen. I tillegg rydda han lauvkratt i området ved krysset Uglestien / Via Bella.

Biolog **Tore R. Nielsen** har laga ein fin plakat med interessant informasjon om sommarfuglar.

Han initierte også idéen om å lage ein ny bordkortserie, til glede og opplysning for våre besøkande kafeteriagjester. Mot slutten av året sendte han over eit interessant forslag med tekst og bilete.

FORSKINGSRELATERT AKTIVITET

Fagkontakt og forskingssamarbeid

Restmaterialet av lindeplantene som er knytta til Lindeprosjektet, stod fram til sommaren under oppal og tilsyn hos Folkvord Planter. Tilveksten og utvikling i veksthus har ikkje vore som forventa, og utplantinga har difor blitt utsett. I dette materialet inngår 162 planter, fordelt på 73 nummererte klonar. Dette villmaterialet er samla inn frå 6 ulike lokalitetar i Norge, frå fylka Sogn og Fjordane, Hordaland, Rogaland og Telemark.

Det blei utpå sommaren sett i gang utplanting av dei største plantene. Det er avsett eit betydeleg areal til dette prosjektet i det nye området som blei tillagt i 2012, som grensar til Melshei og Myklebust.

Gjennom samarbeidet med [Stavanger botaniske hage](#) har vi m.a. fordelen av å kunne dele på driftskostnadane for [hagedatabasen IrisBG](#). Databasen er lokalisert på Stavanger kommune sin dataserer, der vi har tilgang via ekstern pålogging.

Ved dette samarbeidet får vi også avlastning ved at administrasjon, pakking og utsending av frø til [frølista Index Seminum](#), skjer i Stavanger botaniske hage. Denne [felles frølista \(internasjonal frøbytteordning mellom botaniske hagar og arboret\)](#) blir gjort tilgjengeleg via heimesida vår.

Av frølista for 2015 (Index Seminum), blei det tidleg på året sendt ut 146 pakkar med frø som var innsamla i Rogaland Arboret, fordelt på 18 artar.

Til frølista Index Seminum for 2016 blei det i Arboretet samla inn frø av 43 ulike artar, fordelt på slektene *Acer* (1), *Magnolia* (1), *Pterocarya* (1) og *Sorbus* (40).

Av desse artane er [2 viltveksande i Arboretet](#), fagerrogn (*Sorbus meinichii*) og sørlandsasal (*S. subsimilis*). Begge desse står oppført på den norske raudlista.

Gjennom engasjementet av botanikar [Hanne Hegre Grundt](#) blei det i løpet av året utført viktige [dokumentasjons- og formidlingsoppgåver](#). Det betyr arbeid knytta til [hagedatabasen IrisBG](#) med innmating / digitalisering av tilgjengelege planteopplysningar som er arkiverte enten i papirformat eller på digitale lister. Vidare har ho brukt ein del tid på utarbeiding og ferdigstilling av det nye [naturstiopplegget rundt Skittjørn](#). På slutten av året jobba ho også litt med foreløpige utkast til oppsett som er tenkt som [plakatinformaasjon](#) spesielt for artsamlinga av Rhododendron.

Arbeidet med å [utvikle artsamlinga av Rhododendron](#) har gjort eit godt byks i 2015.

Vi mottok dette året totalt 58 planter, [gratis](#) frå vår kontakt i Danmark, [Ruddi Perriard](#). Flesteparten av desse blei planta ut i det nyleg anlagde [alpinfeltet](#). Fleire av dei resterande plantene som blei utplasserte i artsdelen, var store og mangeårige, og viste godt igjen i terrenget.

I artsamlinga er det så langt plassert ut 115 ulike artar og varietetar. Av plasshensyn er dei fleste av artane representerte med kun eitt eksemplar. Likevel finst det av spesielt interessante og utvalde artar fleire individ av ulikt opphav.

Perriard har mange reiser og [innsamlingsekspedisjonar](#) bak seg, spesielt i den botanisk artsrike Yunnan-provinsen i Kina. Han har bygd opp ei stor og interessant plantesamling av materiale frå desse reisene. Perriard innehar mykje kunnskap om *Rhododendron*-slekta i sitt naturlege miljø, og har eit stort kontaktnett. Han har vist stor [generøsitet og spesiell interesse](#) i å bidra til å bygge opp ei spennande [villartsamling i Rogaland Arboret](#).

Det er brukt noko tid på å framskaffe utfyllande dokumentasjon av dette materialet, som er avgjerande viktig for å sikre den framtidige referanse- og forskingsverdien for desse plantene.

Frå Botanisk hage på Tøyen i Oslo, var vi så heldige å kunne få hente så mange som 97 stk villinnsamla planter, fordelt på 34 aksesjonar, innsamla i Kina. Dette materialet har blitt samla inn av plantejegaren Remi Alexander Nielsen, og stammar frå ulike innsamlingar i utvalde høgareliggjande lokalitetar i provinsane Sichuan og Yunnan.

I samband med sitt rapportarbeid var Axel Dalberg Poulsen på besøk den 28.10. for å innhente ein del relevant informasjon om institusjonen.

FORMIDLING OG FORVALTNING

BESØKANDE

Med basis i berekningsmodellar og talgrunnlag frå tidlegare år, som er utført årleg f.o.m. 2001, viser at anslagsvis 115.000 personar har besøkt Arboretet i løpet av 2015.

Vi har dessverre ikkje hatt mulighet til å registrere kor stor andel av besøkande som brukar andre innfartsårer enn hovudinngangane, spesielt frå Myklabust- og Melsheiområdet. Tilfeldige observasjonar gjort på dagtid har overraska oss litt når vi ser det antal personar som frekventerar dette området. Vi håper på å kunne få gjort nokre prøveregistreringar her i løpet av det komande året.

I anledning «Friluftslivets år 2015» var det ei stor oppmuntring å oppleve at Melsheia / Rogaland Arboret blei stemt til byens beste turområde.

UNDERVISNING OG INFORMASJON

Det har blitt informert på heimesida om ulike aktivitetar gjennom året. Elles blir det opplyst om at området som læringsarena, med undervisningsutstyr, står til disposisjon for dei som måtte vere interesserte.

Det blei ikkje arrangert lærarkurs dette året. Vi har i lang tid hatt eit håp om å få utvikle eit spesialtilpassa undervisningsopplegg.

INFORMASJONSPROSJEKTET

Styret vedtok i 2011 å vidareføre prosjektet for ein ny femårs-periode, dvs. 2011 – 2015. Det er eit uttalt mål å styrke det generelle informasjonsarbeidet i Arboretet. I denne fasen betyr det oppgradering av kartbasen inkl. nytrykk av kart og etablering av naturstiar.

I arbeidet med oppgraderinga av den digitale kartbasen, er vi avhengige av eksternt bistand, og framdrifta har dessverre ikkje vore som forventa i 2015. Prosjektet er likevel på mange måtar avhengig av vår eigen evne og kapasitet til å følgje dette opp fortløpande i denne konverteringsprosessen. Det vil definitivt vere ei stor utfordring å få avsett nok tid til dette blant alle dei andre oppgåvene som krev sin del av oss, spesielt med tanke på dei store oppgåvene vi har angående registrering, inventering og etikettering.

Ny natursti

Den lenge etterlengta naturstien rundt Skittjørn blei dette året endeleg realisert. Opninga av naturstien blei markert 21.09., med prøveköyring av elevar (5. – 7.klasse) frå Sviland skole som var spesielt inviterte.

Arboretet fekk tildelt støtte til eit slikt prosjekt i 2012. Pga. personalinnskrenkinga i etterkant av dette, hadde vi ikkje mulighet til å få realisert dette prosjektet som planlagt. I desember 2014 blei Hanne Hegre Grundt innleigd, og vi kunne endeleg ta tak i dette prosjektet igjen. Desse øyremerkte midlane, saman med andre bidrag frå informasjonsprosjektet, gjorde oss i stand til å nå målet om ein fleirfagleg og aktivitetsbasert natursti.

Naturstien her er på 10 postar, og er lagt opp slik at den skal kunne famne meir vidt enn tilpassa undervisningsopplegg og læreplanar. Den er fleksibel og fannar så pass vidt at den skulle kunne pirre nysjerrigheten hos dei fleste av våre besøkande. Vi håper at den skal virke stimulerande og gje «aha-opplevingar» ved oppdaginga av nye sider ved naturmangfaldet. Slike opplevingar aukar både bevisstheten og gjerne også interessa for å lære meir.

Grundt laga også to rebusløyper, lagt opp som «bokstavjakt» for å sette desse saman til ord. Dette opplegget er mest aktuelt å henge ut i ferietida på sommaren.

Interessante og gode artiklar om Naturstiprosjektet blei publisert både i Stavanger Aftenblad og Sandnesposten, og som gav positiv omtale av Arboretet. I tillegg fekk vi god reklame og publisitet gjennom Sandnes Radio sine reportasjar om naturstien, og intervjuet som blei gjort med Olav Folkvord.

Med ein del blomstring på duetreet dette året, blei det meir avisoppslag med positiv blest som ekstrabonus.

OMVISNING OG ORIENTERING

19.05. DNB Pensjonistforening	Omvisning	Lima
20.05. Arbeids- og styringsgruppa for Org.struktur	Omvisning	Lima og Folkvord
23.05. Den norske Rhododendronforening	Omvisning	Vigrestad, Perriard
27.05. Gruppe frå Sola sykehjem	Omvisning	Stangebye, Oseland
02.06. Sandnes kommune, «Sunn by»	Omvisning	Lima
03.06. Gruppe frå Senterpartiet	Omvisning	Lima
08.06. Gruppe på tur i regi av Haga Buss	Orientering	Oseland
16.06. Gruppe frå Time kommune	Orientering	Lima
08.09. «Vi over 60», Gilja	PP-framsyning	Lima
15.10. Elevgruppe frå Kvitøy	Omvisning	Oseland
28.10. Axel Dalberg Poulsen	Omvisning	Lima

FUGLEPROSJEKTET

Allereie i 1978 blei det hengt opp 24 fuglekassar rundt om i Arboretet. Av hensyn til dei mange andre oppgåvene som måtte prioriterast, kunne vi ikkje drive oppfølging av desse. Registreringa blei i denne perioden difor litt tilfeldig. Dei fleste av desse kassane var nok helst borte då «Fugleprosjektet» kom i gang i 1991.

Preparant Odd Låtun ved Stavanger Museum, tok initiativet til å få produsert og hengt opp heile 88 fuglekassar. Odd Carlsson og Jim Lea tok seg av oppfølginga av desse, og Magnar Bø hadde frå starten av ansvaret for ringmerkinga.

Talet på fuglekassar som har hengt oppe, har variert litt gjennom åra. I 1994 var talet på 141 kassar. I 2006-sesongen hang det oppe ca. 125 kassar.

F.o.m. 2009 har elevar frå Gand vgs. bidrege med å produsere nye kassar til prosjektet, slik at ein har fått skifta ut dei dårlegaste kassane etterkvart. I 2015 hang det oppe ca. 130 kassar. Det blir årleg lagt ned mange dugnadstimar i dette prosjektet.

Ansvarleg for prosjektet er Magnar Bø.

Ringmerking i Rogaland Arboret 2015

ART	REIRUNGER	VOKSNE	SUM
Linerle	6	-	6
Måltrost	5	-	5
Rødvingetrost	2	-	2
Gransanger	-	2	2
Gulbrynsanger	-	1	1
Fuglekonge	-	56	56
Svartkvit fluesnapper	97	5	102
Kjøttmeis	132	2	134
Svartmeis	32	-	32
Blåmeis	62	2	64
Spettmeis	6	-	6
Stær	44	-	44
Totalt 12 arter	386	68	454



Oppsummering av ringmerka fugl i Rogaland Arboret 1991 – 2015

ÅR	REIRUNGER	VOKSNE	SUM
1991 – 1992			509
1993	440	81	521
1994	439	197	636
1995	427	175	602
1996	572	40	612
1997	504	16	520
1998	239	30	269
1999	324	28	352
2000	212	1	213
2001	121	25	146
2002	188	4	192
2003	102	3	105
2004	208	142	350
2005	268	416	684
2006	371	289	660
2007	443	253	696
2008	293	373	666
2009	366	209	575
2010	466	162	628
2011	471	134	605
2012	300	122	422
2013	400	21	421
2014	489	2	491
2015	386	68	454
TOTALT			11 329

Fordelinga mellom aldersgruppene frå perioden 1991 – 1992 har vi dessverre ikkje oversikt over.

Totalt 11.329 ringmerka individ i perioden 1991 – 2015, er fordelt på 43 artar.

Opplysningar og bidrag fått frå kjentmann Bjørn-Tore Rekve Seim, har gjort at vi kan legge til 8 nye artar til observasjonslista. Det gjeld flg. artar: Myrhauk, vandrefalk, musvåk, perleugle, gråspurv, kjernebiter, dvergspett og laksand. Desse artane har blitt observerte i perioden 2004 – 2014. Laksand blei registrert som ny art i 2015.

Pr. 31.12.2015 er det såleis observert totalt 128 artar i Arboretet.

Ei fullstendig liste over dei registrerte artane kan skaffast ved kontakt med kontoret.

Andre observasjonar

Svartspetten har vore registrert som ein årviss gjest i Arboretet utover hausten og vinteren sidan 1999. Denne høglydde fuglen er mest å høyre i gamleskogen Gløersens Minne. Nøttekråke blei registrert i området 23.04. Gulsongaren hørde vi kun ein kort periode utpå føresommaren.

Kattugla tok i bruk kassen på garasjeveggen. Det blei lagt 3 egg, 2 ungar blei ringmerka og forlét kassen på naturleg vis. Ein mår blei observert på dagtid ved driftsavdelinga 08.04.

REGISTRERING AV SOPP

Dei første listene over registrert sopp i Arboretet blei førde i 1994, og sjølv om vi ikkje har gått systematisk til verks med dette arbeidet, er det fram til idag registrert totalt 187 artar her. Ei fullstendig liste over dei registrerte artane kan skaffast ved kontakt med kontoret.

På 1990-talet blei det løyvd midlar og sett i gang eit landsomfattande soppkartleggingsprosjekt i Noreg. No kan alle i Noreg registrera funn av sopp (og planter) i ein sentral database. Nettstaden er www.artsobservasjoner.no. Rogaland har eigen regionsansvarleg når det gjeld soppkartlegging, Kari Blikra, som kan gje råd og vegleiing om prosjektet.

Informasjon, kurs, utstillingar og andre aktivitetar knytta til sopp i Arboretet, skjer ved frivillig innsats av medlemmar i foreninga Jærsoppen.

I 2015 blei det kun utført soppkontroll i samband med arrangementet «Soppens dag».

Soppesongen i Arboretet 2015

v/ Ellen Tjørnholm Bøe

Generelt kan man oppsummere 2015 med at det var svært lite sopp å finne. Det ble en tørr høst, sesongen startet seint, og de soppene som vi vanligvis finner tidlig slik som rødnende fluesopp og kremler fant vi lite av.

Som mange fikk med seg ble det ikke holdt soppkontroller dette året. Dette var et ledd i en aksjon for å fokusere på at det ikke ble gitt midler fra statlig hold til gjennomføring av disse viktige kontrollene.

Jærsoppen markerte «Soppens dag» 6. september i Rogaland Arboret med soppkontroll, miniutstilling og smaksprøver. Mange turgåere kom innom standen. Det var lite sopp å finne og få koger å kontrollere denne dagen.

I løpet av sesongen ble det funnet kantareller, traktkantareller, piggsopp, steinsopp, lerkesopp, hulrørsopp, blodrørsopp, brunskrub, sleipsopp, rødnende fluesopp, brun kamfluesopp og diverse kremler. Den skumle og giftige spisse giftslørsoppen var det heldigvis kun få eksemplarer av dette året. Traktkantarellene kom svært seint i oktober. Gledelig er det at det blir bevilget statlige midler til soppkontroller neste år, og da får vi håpe at soppesongen blir god med mange ivrige sopplukkere i Arboretet.

FLAGGERMUSPROSJEKTET

Bakgrunn

I 1990 startet Stavanger museum et fuglekasseprosjekt i samarbeid med NOF avd. Rogaland. Både i 1992 og 1993 var en fuglekasse bebodd av flaggermus. 3 kasser var i bruk av flaggermus både i 1994 og 1995.

I juli 1994 ble Rogaland Arboret besøkt av Leif Gjerde fra Nordre Øyeren Biologiske Stasjon (NØBI). I forbindelse med et kartleggingsprosjekt på Jæren hadde Gjerde fått tips fra Bjørn A. Stangebye om flaggermus i loftet på hytta. Arboretet ble derfor besøkt av Gjerde hvor Stangebye ga en omvisning i området. I forbindelse med dette nevnte Stangebye at enkelte fuglekasser ble besøkt av flaggermus. I et brev den 18. mars 1995 foreslo derfor Gjerde at det kunne settes opp spesialkasser for flaggermus. Først 2 år senere (31.01.1997) ringte Stangebye Gjerde for å diskutere et mulig kasseprosjekt for flaggermus i Arboretet. Således

ble det sommeren og høsten 1997 hengt opp 36 flaggermuskasser i Arboretet. I 1998 ble alle kassene kontrollert 3 ganger. Da hadde allerede 11 av disse kassene spor av flaggermus. Med opprettelsen av Nordisk Informasjonssenter for Flaggermus (NIFF) i 1997, har personer fra NIFF gradvis overtatt prosjektet. I dag er det Leif Gjerde som koordinerer prosjektet. Siden er flere nye og egenkonstruerte kassetyper blitt testet i Arboretet. 4 betongkasser konstruert av Denyer har hengt oppe i flere år. I 2007 ble det hengt opp 12 nye trekasser (på 6 trær), konstruert av Gjerde. Prosjektansvarleg er Leif Gjerde, **Nordisk Informasjonssenter for Flaggermus (NIFF)**.

Arbeid og status 2015

Kassene i Arboretet ble undersøkt 2 ganger dette året. Knut Åge Storstad undersøkte bl.a. kassene og fant overvintrende pipistrell den 7. januar. Senere ble kassene undersøkt av Leif Gjerde den 23. juni. Kun 1 eller 2 av de gamle Stebbings-kassene gjenstår noenlunde intakte. Også den populære betongkassa har falt ned og gått i oppløsning. 10 av de 12 pipistrell-kassene ble undersøkt. De nye pipistrell-kassene som ble hengt opp i 2007 synes å fungere meget godt. Etter 8 år er det lite skader eller forvitring på disse kassene. Dette skyldes nok at kassene er betydelig tettere og mer kompakte enn de gamle Stebbings-kassene. Mer informasjon om kasseprosjektet kan leses på www.flaggermus.no/fl_lok_arboretet/

GENERELT PLANTEARBEID

Det årlege vedlikehaldsarbeidet som gjeld tiltak mot rådyr, gjødsling, luking, grasslått, oppstamming, beskjæring, rydding, generelt plantevern, hogst med etterfølgjande fliskutting har for det aller meste gått sin gang som føregåande år.

Ca 2.000 stk spesialpreparerte hotellsåper blei hengde opp på våren for å hindre feieskader av rådyr på dei minste og mest utsette plantene.

Det blei spreia ut 3.000 kg beinmjølbasert gjødsl (Marihøne+ 8-4-5). Denne blir fordelt ut for hand rundt omkring i heile Arboretet, og er ein rimeleg tung jobb. Sjølvje plenflatene har ikkje blitt gjødsla, men kun enkeltplantene som er plasserte der. Graset blir ikkje samla opp, slik at vi på den måten langt på veg får resirkulert næringa til plenane.

Tidleg på året blei det spreia ut kalk i fleire område. 1.200 kg granulert dolomittmjøl blei fordelt ut på Bøkefeltet, Syrinfeltet, Barlindfeltet, Sembrafurufeltet og Lindefeltet. I tillegg blei det kalka på eit utval planter i områda ved P-plassane, Norske Treslag, Madammen, Tverrgangen og Blåbærstien.

I området mellom Maurstien og Alléen, Skjermtrefeltet, blei det opparbeida nye plantehól og tilplanta med nytt materiale. Ein del store grantre stod i vegen for ei vidare utviding, og desse blei hogde seinare på året.

I midtre del av Rhododendronaldalen blei det fjerna ein god del eldre og dårlege planter. For å hindre at evt. sjukdomssmitta plantemateriale kjem i omløp, blei alt dette materialet køyrt igjennom fliskuttaren og tømt i storsekker. Når denne tunge jobben var gjort, stod vi igjen med 3,8 tonn med flis som blei levert til forbrenning.

I juletrefeltet har ein ikkje registrert spesielle lusproblem hos nordmannsedelgrana. Dette er skadegjerarar som raskt kan blusse opp i antal og spreie seg raskt.

Ein annan trussel mot fleire av edelgranartane våre er skadesoppen *Neonectria neomacrospora*, «edelgrankreft». Denne skadegjeraren har hos oss over fleire år vist seg å angripe koloradoedelgran, men det skal visstnok vere fjelleedelgran som er den mest mottakelege arten.

Det har dessverre vist seg at fleire av edelgranartane i samlinga er mottakelege, og vi må stadig vere på vakt ift. symptom på angrep på nye tre.

Den største utfordringa ift. véret, var nok mest knytta til dei nedbørsrike og vindfulle periodane av året.

Vinteren var jamnt over ganske mild, der spesielt januar og desember utmerka seg som våte og vindfulle. Vi registrerte ein kald periode i februar med $\div 10^{\circ}\text{C}$. Mars og april gav oss mange sure dagar, men lite med frost og snø.

Likevel gjorde nattefrosten i slutten av april skade på blomane på dei tidlege artane av *Rhododendron*.

Den første frosten som blei observert denne hausten var natt til 14. oktober. Elles hadde vi gleda av å oppleve ein uvanleg torr og fin haust, noko som gjorde at vi fekk ypperlege forhold til å kunne arbeide med planting og jordpreparering til ut i november.

Det blei utført vinterdekking med granbar på eit utval tandre planteslag, i tillegg til ein del av nyplantingane av *Rhododendron*.

Minkande bestandar av unggran gjer sitt til at vi må vere meir påpasselege for å sikre oss nok av slikt passende dekkbar.

Artsamlinga av *Rhododendron*

Alpinfeltet som er berekna for småartane, blei klargjort i 2014, og stod med ledig plass til mange nye planter. Dette spesialfeltet, med opphøgde bed, steinlødde kantar og torvblokker, vil gjere utfordringane med å dyrke slike småvekstar litt enklare. Likevel er vi jo spente på kva som vil skje her etter som tida går og trafikkbelastninga i denne delen av *Rhododendron*dalen aukar på. Småplantene i dette avgrensa feltet vil naturlegvis vere sær sårbare for tråkkskadar. Her er det særleg viktig at foreldra har kontroll på ungene, for fristelsen kan vere stor til å hoppe opp på steinkanten og vidare innover og skade dei små og skjøre plantene.

Ved at plantene frå Ruddi blei henta så pass seint på året (seint i oktober), slapp vi arbeidet med vatning av materialet ute i felten i etterkant. Ulempen med ei slik haustflytting er at plantene ikkje blir så godt førebudde om det skulle bli ein litt tøff barfrostvinter, der stikkande sol og uttørkande vind kan vere sterkt medverkande. Risikoen for ulik grad av tørke- og sviskadar etter ein slik operasjon må ein vere førebudd på. Difor blei det utpå vinteren dekkja med granbar rundt alle dei nye plantene.

Plantinga av småartane gjekk raskt ettersom alpinfeltet var ferdig preparert.

Tilplantinga for dei større artane som skulle ut i artsamlinga, blei langt meir omfattande. Fleire av desse plantene var store og gamle, så her måtte det preparerast for store plantehól. Blåtoppgraset dannar veldig seige og tjukke torver, og er krevjande å kome igjennom med spade. Fordelen med desse torvene er at dei kan vere gode å ty til for plastring og oppbygging rundt plantehóla. Det blei elles mykje stein å spa vekk, og mange til dels ganske store som måtte vippast opp. For å sikre eit passende stort jordvolum rundt rotklumpene, må vi i tillegg ofte fjerne ein del seige og tjukke fururøter.

Naturjorda og fingrusen som finst på plassen blir for det meste blanda inn med passende mengde innkjøpte grovtorv. Det blei behov for ein god del torvballar til dette planteprosjektet.

Miljøet i denne delen av Rhododendrondalen tilseier ei skånsam og ikkje-maskinell opparbeiding.

Tyngre, røffare og meir markslitande kultivering og opparbeiding ville her raskt ha ført til ei drastisk endring av markfloraen, der ulike grasartar ville ha dominert feltsjiktet. Lyngvekstane toler mindre av slik markslitasje og maskinkomprimering.

Lyngvekstar som nabovegetasjon til Rhododendron er på mange måtar det optimale, både estetisk og kulturmessig.

Difor er det her så viktig å leggje til rette for ein kultiveringsform som tilgodeser nettopp lyngvekstane, og som sikrar at desse får utvikle seg på bekostning av den potent ekspansive grasvegetasjonen. For å kunne oppnå ein mest mogleg kontroll på dette, baserar vi tilplantingsarbeidet i dette området på spade, greip og spett.

I dette feltet er det særleg 2 grasslag som er problematiske, blåtopp og smyle. Mange vil nok stusse på at den sistnemnde sirlige arten blir omtalt som problematisk. Vi har erfart at dette spede grasslaget blir brysam i eit såpass følsamt miljø som dette. Arten spreier seg raskt, blir relativt høg og etablerar lett nye tuer rundt og tett inn til Rhododendronplantene, og vidare utover dei opne delane av artssamlinga.

Den årlege vedlikehaldsinnsatsen i dette området dei siste par åra har vore ei bevisst luking av tuer og aks nærast Rhododendron-plantene, i kombinasjon med selektiv graskutting med ryddesag i dei meir opne delane av feltet. På denne måten oppnår vi å legge betre tilrette for at lyngvekstane får ekspandere og utvikle seg utan så sterk konkurranse frå grasvekstane. Langs nabostiane veks det andre ekspansive grasartar, som lett vil kunne etablere nye bestandar utover i dette lett påvirkelege området.

Det blei utført etiketteringsarbeid i Bøkefeltet, Urtidstrefeltet, Skjermstrefeltet, Prydkirsebærfeltet og i materiale knytta til Lindeprosjektet.

Dette året registrerte vi innkome plantemateriale frå følgjande leverandørar:

Ruddi Perriard, Danmark; Botanisk hage, Tøyen / Remi A. Nielsen; Folkvord Planter; Hove Plantesalg; Tronsholen Hagesenter; Ødegård Plantesalg, Isvik; Plantasjen Forus; Reidar Vigrestad; Oddbjørn Fosse; Geir Kyllingstad; Jan Rune Hesjedal

Vegetasjonskontrollerande tiltak

Etter at sitkagranfeltet ved Aktivitetshuset blei hogd i 2011, ser vi gjengroingsprosessen (suksesjonen) levande demonstrert. Oppslaget av ulike ugrasartar, grasvekstar, bringebærkratt, geiterams og lauvkratt aukar på både i intensitet og volum. Geiteramsen har blitt godt synleg, og har i løpet av dei siste par åra fått eit godt fotfeste. Løvetannen har også starta innvandringa i feltet, og vil vere ei stor utfordring å få kontroll på.

Endå eit år har gått utan at vi har fått nokon avklaring på om vi får tillating til å utvikle dette området i samsvar med arealdisponeringsplanen vår. Dette arealet er etter denne planen avsett som ekspansjonsområde for Bøkefeltet.

Eit slikt sterkt tilgroande område som vi ikkje får nyttiggjere, blir kun ei belastning for oss. Etter fleire forsøk på å kome vidare, og fleire rundar med kontaktar til verneinstansane, blei

det i oktober sendt ein dispensasjonssøknad til Riksantikvaren, i håp om å få avklaring for den framtidige bruken av dette området.

Dette året blei det forsøkt nokre ekstra framstøyt med sprøyting spesielt mot løvetann for å dempe tilveksten og frøspreinga av arten. Det blei elles i meir begrensa omfang utført selektiv behandling av ulike problemugas og flekkvis grasssprøyting på ulike plassar.

På oversida av Fossedammen, dvs. i hogstfeltet som grensar til Myklabustveien og Melshei-området, merkar vi også effekten av ei kraftig gjengroing. Lyssiv, knappsiv, høymole, strandrøyr, tistel og hyll har fått godt fotfeste her. Det blei brukt litt tid her på å fjerne frøstandane, og dels også heile plantene for somme av artane, for å hindre ei vidare spreing. Slike tiltak på eit tidleg stadium er ei god investering på lengre sikt.

I dette tilgrensande området mot Statskog, blei det gjort ein ekstra innsats for å fjerne alle plantene som ein kunne finne av raudhyll, for å unngå ei større frøspreiing frå desse.

I arbeidet med å halde grasvegetasjonen nede i dei mest trafikkerte områda, har vi hatt minst 2 ryddesager i drift gjennom vekstsasjonen.

Ryddesaga kan også vere ein svært effektiv, men lite ynskjeleg «frøspreiingsmaskin». Difor prøver vi å vere bevisste på å fjerne frøstandane på problemugas i slike felt før ein går laus på ryddinga.

I tillegg har vi hatt stor nytte av lettutgåva av ryddesaga, grastrimmaren. Denne gjev oss store fleksibilitet og kontroll av oppslag som står meir trøngt innimellom buskplantingane. Vi har særleg stor nytte av slikt lett utstyr i spreidde område som krev større mobilitet og hyppigare rydderfrekvens.

Ved å auke litt på aksjonsradiusen for plenklypparen, nådde vi over fleire nye periferare område, som tidlegare kun blei frisererte i få omgangar med ryddesag. Dette gjorde at enkelte slike felt framstod meir velstelte enn tidlegare, fordi graset her jamnt over blei halde nede på eit lågare nivå.

Ein del av lukearbeidet i sommarsasjonen består også i manuell rydding av bringebær, bjørnebær og geiterams.

Utfordringane er store der fleirårige ugras har fått etablert seg i vide, tettplanta område, og i felt med buskvekstar som har liten dekkevne. Minstemålet i slike felt er å prøve å dempe oppslaget og høgden på markvegetasjonen.

Løvetann, vassarve og groblad har spreidd seg vidt utover, og har fått godt fotfeste mange stader. Andre brysame artar som har krevd ein del innsats gjennom sasjonen, er skvallerkål, hundekjeks, høymole, svineblom, hundegras, landøyda, lyssiv, knappsiv og tistel.

Det årlege selektive lukearbeidet hjelper oss i å kunne oppretthalde eit visst nivå av motstand mot spreing, dominans og overgroing av typiske problemugas. For fleire av artane viser det seg at ein årleg gjennomført manuell bekjemping på rett tidspunkt i sasjonen, vil vere veldig effektivt. Den årlege målretta lukeinnsatsen i sommarsasjonen er difor svært viktig i ugraskampen.

Dammar, vegar og plenar

Det blei også dette året brukt litt tid på supplerande fjerning av gjenståande planter av skunkkala (*Lysichiton americanus*). Rotsystemet hos denne sumpplanta er både djupt og

kraftig, og framleis dukkar det opp skot som har spirt opp frå gjenståande rotstokkar etter tidlegare års oppgravingsarbeid.

Under nøye sesongmessig tilsyn har vi valt å la det stå igjen planter av arten i Fiskedammen, i Grevlingmyra ved Myrstien, i Madammen og i Nedre Dam. Plantene er særprega og veldig karakteristiske, med sine gule, kala-liknande blomar som dukkar opp tidleg om våren. Alle frøkolbane blir nøye fjerna frå dei gjenståande plantene kvart år, slik at vi unngår vidare spreiding av arten lenger nedover i vassdraget.

Tilgroinga av dammane, særleg i Madammen og Øvre Dam, gjer seg sterkt gjeldande. I Øvre Dam framstår den vakre nøkkeroseliknande arten sjøgull (*Nymphoides peltata*) som spesielt dominerande, og opptre her invasivt. Den har vist seg vanskeleg å halde i sjakk med luking, ettersom stilkane lett brotnar, og der rotene står like intakt. I fleire innsjøar i Sør-Sverige utgjer denne arten eit stort gjengroingsproblem.

Vi har tenkt å gå til det drastiske skritt å tømme dammen for å prøve å grave vekk mudderlaget i botnen og langs kantane, slik at vi kan bli kvitt rotsystemet. I Nedre Dam er arten på full fart opp igjen, etter ein større lukerunde for nokre år sidan.

I Fiskedammen blei det reinska opp massevis av vassplanter, der vassgro er den dominerande arten. Pga. det lause slamlaget og eigenskapane hos denne arten, så oppnår vi ein ekstra gevinst her med alt slammet som følgjer med planterotene opp.

I Rhododendrodalen, ovanfor Nedre Dam, blei det fjerna ein del stein som låg nær vegen. På den måten oppnådde vi også større plass for framtidig planting.

Vi har elles store utfordringar når det gjeld problemet med lekkasje rundt utløpsrennene til fleire av dammane våre, særleg i Øvre Dam, Nedre Dam og Madammen. I tillegg er det lekkasjar både i Eikedammen og langs bekkeløpet nedanfor Fossedammen. Vi har ikkje hatt kapasitet eller ressursar nok å avsjå til eit slikt omfattande reparasjonsarbeid. Her har det følgjeleg blitt eit stort etterslep, og kun akutte reparasjonar har blitt utført.

I eit område som dekker 700 daa, må vi sikre oss å ha framkommelege stiar og vegar. Ein infrastruktur som fungerer er avgjerande for ein rasjonell og effektiv tilgang og drift av dei ulike delane av Arboretområdet.

Det betyr m.a. eit hovudvegnett som skal tole ein viss trafikk av bilar, traktorar og tyngre maskinar, også i den regntunge årstida.

Mange av stiane og vegane våre er altfor dårleg fundamenterte. Eit slikt solid oppgraderingsarbeid er krevjande, og det er avgjerande viktig med passande maskinelt utstyr. I tillegg til behovet for å utbetre bæreevna, er det svært viktig å få opparbeide og oppretthalde ein fungerande og drenerande vegprofil. På den måten får vi sikre ei god avrenning ved store nedbørmengder og slik unngå større og kostbare erosjonsskadar.

Viktige oppgraderings-og prepareringsoppgåver blei prioriterte for nokre av vegane. Heile Sandtakveien blei rusta opp, og påført eit nytt topplag. På oversida av Skogarberg blei øvre del av Fjellveien oppgradert og utbetra. I dette fuktige området var det påkrevd å sikre ei betre avrenning langs delar av denne vegstrekninga. I tillegg til fleire royr, blei det også laga avskjeringsgrøfter langs ytre del av den tilstøtande stien som kjem inn frå Statskog-sida. Den nedre delen av Kristtornstien blei også oppgradert.

For å sikre ein stabil og god oppstillingsplass for vedpallesekkane, blei Harestubben preparert med eit topplag av grus. Solstien og Grevlingveien blei også preparerte med ny grus.

På ein kritisk strekning på grensevegen mot Myklabust og Melshei, blei det preparert med grovgrus og laga ekstra stikkrenner.

Framleis gjenstår mykje anleggsarbeid før vi er i mål på dette området. Gjennom Rhododendrondalen, strekningar på Via Bella, Tverrgangen og nedre del av Fjellveien er det behov for slike utbetringar, i tillegg til meir partivise og djuptgåande dreneringstiltak av vegfundamentet.

Under slike operasjonar merkar vi spesielt behovet for ein gravemaskin med tilteskuffe. Ein slik maskin ville gjort denne type arbeid langt meir presist og rasjonelt samanlikna med den 19 år gamle maskinen vi har i dag.

Kantvegetasjonen og høgda på vegskuldrane utgjer også ei utfordring ved at dei i stor grad påvirkar avrennings- og dreneringsevna langs vegane. Med det utstyret vi har i dag, er vi ikkje i stand til å utføre denne type utbetningsarbeid på ein rasjonell og tilfredsstillande måte.

Vi ville aldri vore i stand til å utføre ei såpass omfattande utbetring av vegsystemet utan å ha den gunstige avtalen om veggrusleveranse med Velde.

I nedbørsrike periodar må vi alltid vere på vakt og sjekke grøfter, stikkrenner og røyr for å prøve å hindre opphopingar og øydeleggande overfløymingar. I spesielt utsette periodar har det betydd tider med tilsyn og oppreinsking fleire gonger i veka. Gjennom hausten og vinteren blir vi stadig minna om kor viktig det er å bruke tid på slikt førebyggjande arbeid på heile drenerings- og avløpsystemet. Det betyr stadig gjentakande ettersyn, vedlikehald og reparasjonar av mange hundretals meter med grøfte- og røyrsystem.

Januar var ein våt måned, som gav oss ekstra arbeid med stadig ettersyn og reparasjonar. I desember førte flaum til at det blei ekstra reparasjonsarbeid både i Myklabustveien og Rhododendrondalen.

Dei siste åra har vi registrert aukande problem med røyrsystemet pga. manglande kapasitet ift. nedbørsmengdene.

For å bøte på dette blei det lagt ned doble ekstrarøyr under Solstien, rett ved Barilind- / Thujafeltet. Eit større røyr blei lagt under gangstien øvst i Hemlokkdalen og i grøfta ved krysset Rundgangen / Tverrgangen. I tillegg blei det lagt røyr under Via Bella, ca 50 m vest for krysset Lerkestien / Via Bella og ved krysset Langgangen / Øvre Damvei.

Tilgangen til mange felt og område er avskilte pga. djupe opne grøfter. Desse grøftene er svært viktige, men representerar samstundes ei stor driftsmessig utfordring. Mange område blir på denne måten avskorne frå ein praktisk tilgang for traktorar, maskinar og mannskap ift. opparbeiding og vedlikehald. Det betyr også ein lite hensiktsmessig og upraktisk tilgang for publikum som vil sjå seg litt om i feltene utanom sti- og vegnettet. Delar av slike opne grøfter har tidlegare blitt lagt igjen i passande røyrlelengder. Dette er arbeid vi vil halde fram med i komande år, etter at vi har vore så heldige å motta større parti med gratisrøyr frå Brødrene Dahl.

Det har i mange år vore eit stadig tilbakevendande tema med behovet for oppgradering av store delar av plenområda våre. Dette er svært omfattande og ressurskrevjande anleggsarbeid. Her blir nok strategien at vi må prioritere å utbetre dei verste områda, bit for bit, år for år. Plenområdet nedanfor «Sinsenkryset» har vore eit slikt problemområde. Her blei det lagt på jord for å få preparert dei mest ujamne delane av dette feltet.

For å lette det framtidige vedlikeholdet, blei det utpå hausten fylt på jord for å jamne ut overflata på delar av Bøkefeltet. Tanken bak dette er å legge til rette for å kunne slå delar av dette feltet med plenklipparen.

Feltet som dekker den gamle fyllplassen i skråninga mellom jorddeponiet ved Via Bella og Sandtakveien, blei preparert og påfylt jord. Her satsar vi også på å oppnå ein vedlikeholdsmessig gevinst.

I grasområdet ved Thujafeltet blei det også fjerna ein del overflatestein. Her blei også nivået senka i den delen av bekken som er rett nedanfor Solstien.

For å lette arbeidet med grasslåing i feltet for Norske treslag, blei det utpå hausten sett i gang arbeid med å fjerne dei gamle granstubbane her.

Rydding og hogst

Dominoeffekten av tidlegare års maskinhogst har gjort seg gjeldande også inn i 2015.

Periodar med sterk vind førte på ny med seg vindfall og rotvelter i grenseområda og dei perifere delane av Arboretet. Dette ser ut til å inngå som eit mønster av tilbakevendande og årvisse hendingar.

Stormperioden rundt juletider var nok den som la flest tre i bakken.

I etterkant av desse uværperiodane blei det difor ein god del hogst- og oppryddingsarbeid som følgde med. Mange av trea var store, så tilgang til vinsj og tømmervogn er avgjerande for oss i dette tungarbeidet.

Ein meir planlagt hogst blei utført i øvre del av artsamlinga for Rhododendron, dvs. ovanfor Utsikten. Her blei det fjerna omlag 30 furutre for å oppnå betre lysforhold og meir tumleplass for den vidare utvidinga av samlinga.

Mellom Alléen og Maurstien stod ei rekkje med store graner som blei hogde for å gje meir lys og plass til utvidinga av skjermtresamlinga.

Den tette og lange rekkja med bøketre, «Bøkehekken», blei hogd og fjerna mot slutten av året.

Sibir- / sembrafurufeltet framstår ikkje spesielt triveleg, og 5 av dei dårlegaste trea øvst i feltet blei fjerna.

Sterke vindbyger med regn tidleg i juni, førte til knekkskadar på høgrest furu ved Urtidstrefeltet. Nedfallet førte til greinknekk- og flengeskadar på eit av dei unge nærstående urtidstrea.

Massevis av greiner og stammar ligg nede etter tynningshogsten og etterfølgjande års vindfall på oversida av Via Bella. Langs vegen her har det blitt rydda opp og drege fram mykje greiner, slik at terrenget i denne grensesona mot Statskog framstår meir innbydande.

Gran og furu utgjer mesteparten av råstoffet til flislageret vårt. Det blir mykje nålemasse av slikt, men flisa gjer likevel si nytte som topplag på småstiane.

Det blei rydda lauvkrautt og småtre i nærområdet til Skittjørn, i skråninga ved Syrinfeltet, ovanfor krysset Solstien / Uglestien / Lerkestien, i Syressfeltet, ved Uglestien / Via Bella og i området mellom Via Bella og Utsikten. I tillegg blei det fjerna ein del lauvkrautt ved P-plassane, i grensesonene mot naboane her.

I første del av året blei det utført ein del oppstammingsarbeid i nedre del av Rhododendronaldalen, dvs. i artsamlinga. Supplerande oppstamming blei også gjort i området ved Myrstien, i Hemlokkdalen og Rognefeltet.

Det blei utført ein del beskjæringsarbeid i området ved P-anlegget, i Bøkefeltet, ved Aktivitetshuset, langs Alléen, i Parken-området, Rhododendronaldalen, i Magnoliahagen og ved Fossedammen.

Flis og ved

Også dette året har vi hatt eit bra lager av flis som har dekkja behovet for eit nytt topplag på dei fleste av småstiane som finst i området.

Med god hjelp frå lærar- og elevgjengen frå Gand vgs, fekk vi selt unna bra med ved frå lageret, slik at vi slapp å bruke ekstra ressursar på å måtte forlengje vedlagringa. For å unngå for stort nytt vedlager, blei det forsøkt å begrense hogsten til det mest nødvendige. Det er alltid like spennande kvart år kor mange av trea som må gje tapt for stormane sine herjingar. Vi blei gåande på belastande oppryddingsarbeid etter fleire slike vindfulle periodar, noko som betydde fleire «ubestilte» tømmerstokkar å handtere. Dette året blei det produsert 50 pallesekkar, som stod lufteg og godt lagra langsmed Harestubben.

Etter mange år med lite tilfredsstillande opplegg for handtering og lagring av ved, ser det endeleg ut til at vi har funne fram til ein grei og funksjonell måte å løyse dette på. Ikkje minst har det vore ei stor utfordring å finne fram til ein sikker, effektiv og stabil overdekking. Vi er glade for å kunne tilby kundane våre fin og tørr ved.

Brannvern

Dette året blei det ikkje gjennomført separat brannøving i Arboretet. Røyrleidningsnettet som blei opparbeida i 1993, har eit strekk på 2.200 m. Dette kombinerte brann- og vatningsanlegget er fordelt på 3 traséar, og påkopla til 22 hydrantkummar. Anlegget krev naturlegvis sitt av jamnleg tilsyn og oppfølging. Det betyr m.a. sjekking og reingjering, med ifylling utpå våren og full uttapping i løpet av seinhausten før frosten set inn.

Kombinasjonen av sol og vind utover ettervinteren og våren, kan veldig raskt endre brannfaretrusselen. Trusselnivået kan endrast frå «ingen risiko» til ”stor risiko” i løpet av nokre få timar. I desse kritiske periodane kan ein liten sneip utløyse den store katastrofen. Etterlatne eingongsgrillar og bålrestar er også uønska element som uroar oss. Det viser seg å vere ei stor utfordring å få ein del folk til å skjøne kor stor risiko slik aktivitet representerer.

Utpå sommaren blei vi obs. på at vatnet i røyrleidningsnettlet frå Fossedammen lukta veldig dårleg. Det førte til tanken om å tømme dammen heilt, for å kunne suge opp ein del av finslammet rundt inntaksrøyren på botnen. Uttappinga blei utført kontrollert og varsamt, og fordelte seg over ein periode på ca 10 dagar i siste halvdel av august. Faren for ras frå ein ustabil damkant blir stor når dette skjer. Heldigvis var ikkje laget av slam i botnen djupare enn at ein kunne vasse greit i dette og styre sugeslangen. Med hjelp av tankbil og lang slange blei det her fjerna totalt 9 tonn med slam. Dette viste seg å vere på høg tid, og har ikkje blitt gjort sidan anlegget stod driftsklart i 1995.

BYGNINGAR OG ANLEGG

Det merkast på inventaret i Aktivitetshuset og Tømmerhytta når desse stadig og jamnleg er i bruk.

Tilsyn og vedlikehald vil stadig melde seg i denne samanheng, og har blitt utført innandørs etter behov.

Dette året blei det kjøpt inn 10 nye jærstolar for å kunne ha i reserve ettersom slitasjen krev sitt.

Vi er også avhengige av å ha fleksible og dyktige vaskehjelparar som sørger for eit godt reinhald, og som gjer sitt til at lokala framstår presentable for både leigetakarar og besøkande.

Innimellom nokre ledige utleigeperiodar på hausten, blei ein god del av jærstolane i Aktivitetshuset grundig skura og innsette med ei beskyttande grønsåpeblanding.

Det blei gjennom året utført ulike reparasjons- og vedlikehaldsoppgåver på toaletter, dører, bord, stolar, låsar, lampar, lyssokkel og vaskemaskin m.m. Alle takrennene på Aktivitetshuset blei gjort reine utpå hausten. Taket på Blokkhuset blei reingjort for mykje rusk og rask, inkl. formolda lauv og barnåler.

Nivået på innkøyrsla til kjellarinngangen til Aktivitetshuset blei senka litt for å oppnå ei betre avrenning.

Jamnlege vassprøver av brønnen er også ein del av det som følgjer vedlikehaldsoppgåvene. På relieffsteinen til Stangebye, blei det montert på ei ekstra tekstplate med påskrifta «Arboretets far».

På slutten av året opplevde vi at den øvste delen på flaggstonga knakk tvert av, og stonga blei ubrukeleg.

Vindfall og stammeknekk i to omgangar ved trim- og aktivitetslypa «Klatreskogen», gav oss nokre ekstra utfordringar ift. tilpasningar på sjølve innretningane her.

Parkeringsautomatane krev også sitt av testing, tilsyn og vedlikehald.

Via overvakingskamera blir det for enkelte dagar utført teljingar av bilar for å kunne følgje med på utviklinga av besøkstalet gjennom året. På denne måten får vi også eit klarare bilete av forholdet mellom ulike faktorar som har adresse til inntektene knytta til parkering.

Uønska aktivitetar som uvettig køyring og spinning med bil på P-plassane, er lettare å kunne følgje opp med reaksjon når vi har slik tilgang til kameraloggen. Dessverre så har vi dette året hatt fleire slike uønska hendingar, som skaper plagsamt ekstraarbeid for oss.

Klargjering av naturstipostane, med montering av pålar, plater, festebøylar og lamineringsarbeid var ein del av oppgåvene som tok si tid utpå hausten. I samarbeid med Hanne Hegre Grundt blei det produsert bokstavsett til dei to nye rebusløypene.

Bil, maskinar og utstyr

Begge varebilane (Mitsubishi og VW Transporter) blei leverte til service og reparasjonar på Bilsenteret Ålgård. På førstnemnde blei det skifta bladfjører bak, og sistnemnde fekk nye bremseklossar framme.

På traktorane (MF 1972-mod., MF 1994-mod., NH 1999-mod.) blei det dette året berre utført nokre mindre reparasjonar.

Plenklypparen (Ventrac 2006-mod.) får køyrt seg hardt på mange av grovplenane som finst her på bruket. Denne midjestyrt maskinen har slite seg gjennom mange sesongar på tildels svært ujamne og tøffe underlag. Med så harde løp, er det ikkje til å unngå at det må reparasjonar til i løpet av sesongen. Dette året blei det reparert jordfeil på el-anlegget, skifta fjør, vaier, gassdempar, i tillegg til sveisereparasjonar.

Det blei kjøpt inn ein lett brukt manuell Honda plenklyppar, som har gjort god nytte for seg i det supplerande plenvedlikehaldet.

Alt som sviv og går rundt, krev sitt av jamnleg tilsyn og tidvise reparasjonar. Når dette skjer midt i den mest hektiske sesongen, er driftsstansen alltid godt merkbar.

Pga. startproblem blei glødepluggane skifta ut på gravemaskinen (Hanix 1996-mod.).

Det blei elles utført reparasjons- og vedlikehaldsarbeid både på biltilhengaren (1997-mod.), vedmaskinen (1999-mod.), minitraktoren (1986-mod.) og fliskuttarakslinga. Nye køyrellemmar blei laga som er tilpassa tilhengar for m.a. biltransport av den store plenklypparen.

Fliskuttaren (1995-mod.) fungerer enno imponerende bra, og har lagt bak seg endå eit år med mange problemfrie driftstimar. Ei modifisering i 2006 og lagerskifte i 2010 har vore avgjerande for den lange driftstida. Denne kvalitetsmaskinen har malt opp vanvittige mengder med flis opp gjennom alle desse åra.

Ryddesagene fekk som vanleg køyrt seg hardt gjennom vekstsesongen. Vi fekk også bytta inn ei ubrukt ryddesag vi hadde i reserve, for å få ei sag med større kapasitet.

I tillegg blei det kjøpt inn ein forlenga grastrimmar, som gjev oss større fleksibilitet og smidighet, særleg ved kutting på tronge plassar og rundt buskar i tette plantingar.

For å kunne utføre ei kontrollert nedkutting av ulike typar tett og konsentrert vegetasjon, blei det kjøpt inn ei ekstra skaftforlenga hekksaks. Denne har vist seg svært nyttig i slike område der vi ynskjer minst mogleg av pisking, slag eller virvlende trådar som fører til uønska spreieing av problematiske ugrasfrø og plantedelar.

I samband med plantevernarbeidet, blei det kjøpt inn eit par ryggspøyter.

Det blei kjøpt inn andre reiskap, verktøy, verneutstyr og div. verkstadrekvisita etter som behova melde seg.

Det dukkar alltid opp situasjonar som krev spesielle tiltak, med spesialtilpassa utstyr. Då er det alltid godt å ha nevenyttige personar i staben.

KONTOR, ADMINISTRASJON OG ANDRE FAGLEGE OPPGÅVER

Dei fortløpande kontor- og administrasjonsoppgåvene er mange og varierte, og blir i stor grad utført av vår kontoransvarlege.

Oppgåver som følgjer denne stillinga er dagleg tilsyn og supplerande reingjering i Aktivitetshuset og Tømmerhytta i samband med utleige.

I tillegg følgjer ansvaret for oppfølging av Arboretvennane, vaskehjelpene, oppfølging og utsending av styresaker, fakturering, arkivering, og fortløpande budsjett- og rekneskapsoppfølging.

Vedlikehold av heimesida, fortløpande gjennomgang av kameralogg og fille- og moppevask er andre oppgaver som er knytta til den daglege drifta.

Utfordringane er framleis store også innan det grøntfaglege kontorarbeidet. Vi har ikkje fått dekkja inn den tidlegare 50% stillinga som vi mista i 2012, og resultatet blir eit stadig større og tyngre etterslep. Det gjer seg m.a. utslag i manglande kapasitet ift. etikettering, generell planteoppfølging, katalogisering av fagbiblioteket, og anna fagleg oppfølgingsarbeid som m.a. har adresse til hagedatabasen.

Dette virkar også inn på vår kapasitet til å kunne innlemme nye planteslag, spesielt ift. oppformering og oppal av nye planter frå frø til vidareutvikling av plantesamlinga.

Fagbiblioteket blei dette året utvida med 130 nye titlar, og består av totalt 2.147 titlar.

I samband med registrerings- og digitaliseringsarbeidet knytta til hagedatabasen IrisBG, har vi utført ein del arbeid med gjennomgang av plantelister, sjekking og oppfølging, i samarbeid med vår kontakt Hanne Hegre Grundt.

PLANAR OM NYBYGG

Behovet for meir plass til kontor, bibliotek, arkiv, lager, i tillegg til utstillings-, informasjons- og undervisningslokaler har vi kjent på i ei årrekke. Det finst også andre behov for tilbod som våre besøkande vil kunne ha både nytte og glede av. Dei økonomiske rammene for drift og utvikling har så langt hindra institusjonen i å kunne imøtekomme desse behova.

Med dette som bakgrunn prøvde Styret å finne løysingar som skal kunne sikre Arboretet betre inntektsgrunnlag på lengre sikt.

Alt i 2007 kom tanken om eit kombinert bygg som skulle kunne romme aktivitetar som konferanse, administrasjon, undervisning og informasjon. Det blei involvert ein konsulent, og fleire arkitektforslag blei utarbeidde som grunnlag for planarbeidet vidare. Styret valde forslaget til Brandsberg-Dahls Arkitektkontor.

Dette året har det gått med ein del tid for arkitekten med diverse oppfølgingsarbeid vis á vis kommunen, knytta til ein ny runde med reguleringsplanarbeid.

Det endelege godkjenningsvedtaket for den reviderte reguleringsplanen blei gjort 15.12.

Dette prosjektet har med andre ord vore ein kostbar og svært tidkrevjande prosess.

I regi av Sandnes Rotary Klubb, blei det undersøkt vidare og lagt til rette for å kunne starte eit prosjekteringsarbeid for seinare offentlig tilkopling til både vatn, kloakk og fiberkabel.

KURS FOR STABEN

Trodahl gjennomførte eit sikkerhetskurs i handtering og bruk av motorsag.

DIVERSE

Juletresalet held fram som før, i samarbeid med vår nabo Paul Kyllingstad. Han leiger området ved Driftsavdelinga til dette opplegget. Her blir det også laga til litt miljø rundt dette, med sal av julegraut og tilbehør dei siste laurdagane før jul.

Lions Club stod for sal av julegraut i kafeteriaen dei 2 siste søndagane før jul.

Utkøyringssalet av juletre i Arboretet sin regi, held fram som tidlegare år.

Arborettrimmen, som blir arrangert av Sandnes Idrettslag, er ein av dei faste årlege aktivitetane. Dette arrangementet gjekk av stabelen fordelt på 4 laurdagar, i perioden

17. oktober til 28. november. Ein ivrig gjeng med eldsjeler har med sin innsats gjort dette opplegget til ei positiv oppleving for deltakarane. Dette har etterkvart blitt ein godt innarbeida tradisjon for mange, og er ein flott måte å profilere Arboretet på. Arrangementet har blitt gjennomført i 37 år på rad. Deltakinga har vore rimeleg stabil og god.

Lions Club arrangerte det årlege rullestølløpet «Full Rulle» 10. mai. Godværet denne dagen skapte ei fin ramme rundt eit vellukka arrangement. Det blei ei god oppslutning, med ca. 70 glade og tilfredse deltakarar. Arrangementet har blitt gjennomført samanhengande i heile 25 år, og drive fram av eldsjeler i Lions Club. Ansvarlege for opplegget var Jan Refsnes, Tore Idsøe og Asbjørn Sandaker.

Den lokale gruppa Visegaukene gjorde sitt til at stemninga var på topp denne dagen.

Statskog, Jæren Friluftsråd og Rogaland Arboret, markerte i samarbeid den offisielle opninga av trim- og aktivitetsløypa «Klatreskogen» den 13. januar. Prosjektet var lagt opp til å stå klart til «Friluftslivets år 2015». Dette samarbeidsprosjektet har bore frukter, og løypa har tydelegvis vore i flittig bruk. Trimopplegget er plassert i skogkanten ved den inste P-plassen, og er montert av tau og stokkverk i naturmateriale. Elevgrupper både frå Sviland skole og Gand vgs prøvekørde og demonstrerte løypa.

Stavanger kommune arrangerte eit bedriftsorienteringsløp i august. Det resulterte i mange deltakarar og kjærkomne ekstra parkeringsinntekter denne dagen.

Jærsoppen, Sør-Rogaland sitt lokallag av Norges sopp- og nyttevekstforbund, har sidan stiftinga i 1992 nytta Arboretet som base for det meste av aktivitetane sine. Både Aktivitetshuset og Tømmerhytta har vore i bruk til møte, foredrag og kurs, som er opne for alle interesserte.

Rogaland Fuchsalag arrangerte sin årlege utstilling på Stevneplassen 20. september. Dette blei starta opp i 2002, og har sidan blitt til ein fast tradisjon til glede for våre besøkande.

Rhodo Sør-Vest (Den norske Rhododendronforening, avdeling Sør-Vest), har sidan etableringa i 2009 hatt Arboretet som fast base for sine møte og aktivitetar.

Rogaland Orkideforening har også hatt Arboretet som base for sine møte og aktivitetar sidan hausten 2014.

Høyland sokn arrangerte dette året friluftsgudsteneste ved Stevneplassen 7. juni.

Skeiane Janitsjar gleda dei besøkande søndag 7. juni med sin utekonsert ved Aktivitetshuset.

NAF gjennomførte dette året refleksdemonstrasjonar for 1. og 2. klassingar ute ved parkeringsplassane, eit opplegg som gjekk av stabelen over fleire kveldar i november.

I november blei Arboretet brukt som øvingsområde for redningshundar.

Kvart år får vi ein del forespørslar frå ulike institusjonar i regionen om å kunne få køyre inn i Arboretet med minibussar. Desse kjem frå ulike kommunar i regionen. Vi synes det er spesielt kjekt at så pass mange grupper av personar med fysiske begrensingar får kome seg ut til nokre oppmuntrande naturopplevingar i kvardagen.

Flere DPS-grupper har brukt området og leigd Tømmerhytta i sine opplegg, og har gitt oss positive og gledelege tilbakemeldingar.

Vi registrerar at Arboretet blir brukt som ein fristad og arena til nytte og glede både for kropp og sjel, som eit område til «grøn rehabilitering».

VEGAR OG STIAR I ROGALAND ARBORET

Alléen	270 m	Lønnestien	135 m
Asalveien	68 m	Madam-stier	155 m
Baksmett	120 m	Magnoliastien	109 m
Bekkefare	60 m	Maurstien	140 m
Bergstien	296 m	Myklebustveien	210 m
Blåbærstien	202 m	Myrstien	259 m
David Vatnes vei	385 m	Mårstien	162 m
Eikestien	190 m	Nedre Damvei	213 m
Eikestubben	127 m	Nobelstien	100 m
Einerstien	120 m	Nålestien	80 m
Ekornstien	121 m	Olav Mois vei	176 m
Ertekroken	95 m	Parkveien	180 m
Eventyrveien	232 m	Poppelstien	45 m
Fjellveien	440 m	Revestien	210 m
Furustien	251 m	Rhododendronveien	165 m
Granstien	230 m	Rundgangen	694 m
Grevlingveien	616 m	Rådyrstien	235 m
Harestubben	105 m	Sandtakveien	135 m
Heggstien	132 m	Sigurd Aarsland-stien	498 m
Hemlokkstien	120 m	Solstien	580 m
Hyttstien	100 m	Stangebyestien	90 m
Kanalstien	78 m	Svingen	237 m
Kjærlighetsstien	125 m	Tangenten	40 m
Kristornstien	210 m	Tjørnveien	175 m
Kroggangen	135 m	Tverrgangen	178 m
Langgangen	504 m	Uglestien	305 m
Lauvstien	66 m	Utsikten	305 m
Lerkestien	235 m	Vanngangen	80 m
Lyngstien	243 m	Via Bella	1200 m
Lønnekroken	185 m	Vårstien	111 m
		Øvre Damvei	280 m
		Sum vegar og stiar	13 434 m

I tillegg finst det mange flislagde småstiar:

Rhododendrondalen 490 m, Skittjørn-området 258 m, Fiskedammen 50 m, Serbargranfeltet 196 m, Lønneåsen 280 m, ved Gløersens Minne 948 m, ved Svingen 348 m, stiane i området ved Granstien/Solstien 335 m, ved Utsikten 65 m, ved Øvre Dam/Magnoliahagen/Baksmett 264 m og Prydkirsebærfeltet 80 m. Dette betyr at det finst eit nettverk av stiar i området på totalt 16 720 m.

Innanfor det nye nordvestlege området av Arboretet, som grensar til Myklebust og Melshei, er det i tillegg fleire hundre meter med upreparerte småstiar og tråkk som ikkje er medrekna her.

STØTTE TIL ARBORETET

Lions Club har vore stabile og verdifulle støttespelarar gjennom mange år. Heilt sidan 1990 har dei hatt ansvaret for kafédrifta i Arboretet. Bidraget dette året var på heile 240.000 kr, som er det høgste beløpet som er blitt overført sidan oppstarten på dette samarbeidet.

Bjørn A. Stangebye viste endå ein gong si støtte ved å gje 5.000 kr til Arboretfondet.

Sandnes Sparebanks Gavefond har tidlegare (2012) gitt oss midler til naturstiprosjektet, som vi endeleg blei i stand til å kunne realisere i 2015.

På tampen av året fekk vi den gledelege meldinga om at vi blei tilgodesett med 375.000 kr til prosjekteringsarbeidet knytta til infrastrukturen (off. tilkopling av vatn, kloakk, fiber) i Arboretet.

Brødrene Dahl AS har støtta Arboretet ved å levere oss gratis 4 lastebillass med store og lange kvalitetsrøyr. I tillegg kunne vi hente gratis eit lass stålørør med eigen traktor.

Caverion Norge AS har støtta Arboretet med nye 25.000 kr til Informasjonsprosjektet. Det blei undertekna ein avtale som har gått over 5 år, dvs. 2011 - 2015.

Velde har dette året støtta Arboretet med 252 tonn gratis veggrus, som tilsvarar ein verdi på ca 25.000 kr.

Norsk Naturgjødsel as har sidan 1998 støtta oss med gratis gjødsel. Dette året kunne vi fritt hente 3.000 kg «Marihøne Pluss» naturgjødsel.

Canon Business Center Stavanger har initiert ein sponsoravtale over 5 år (2012 – 2017). Dette er ei støtte til Arboretet som for oss betyr tilnærma gratis fargeprint og kopiering.

Bilsenteret Ålgård støttar Arboretet ved å tilby oss ein gunstig serviceavtale. Dei har også stilt opp med velvillig og rimeleg assistanse ved ulike reparasjonar på bilar og maskinar gjennom året.

Ruddi Perriard, Danmark, har nok ein gong støtta Arboretet med å donere 58 stk verdfulle og til dels store planter av Rhododendron til utvidinga av artssamlinga.

Fjogstad-Hus har også dette året støtta oppbygginga av artssamlingsprosjektet av Rhododendron ved at dei stilte store bilar til disposisjon, og sørge for gratis plantetransport frå Danmark.

Rhodo Sør-Vest med 5 frivillige stilte opp med ein stor bil ekstra, og sørga for ei sikker flytting og transport av plantene frå Danmark. Denne innsatsen strekte seg over fleire dagar.

Følkvord Planter har støtta Arboretet ved poding, oppal og vidarekultur av over 160 planter (av opprinneleg innsamla villmateriale) av lind, som blei levert og inngår i Lindeprosjektet. I tillegg fekk vi ein pallegaffel som vil vere eit nyttig supplement ved handtering av vedpallane.

Hove Plantesalg støtta Arboretet ved å gje eit antal gratis planter.

Ødegård Plantesalg støtta Arboretet ved å gje fleire sjeldne gratis planter.

Forus Energigjenvinning 2 AS støtta Arboretet ved at vi fekk levert gratis 3,8 tonn med flis til brenning.

John Sverre Frøyland (Sandnes Rotary Klubb) har støtta Arboretet med planlegging, koordinering og tilrettelegging for det planlagte prosjekteringsarbeidet for tilkopling til det offentlege nettet for vatn, kloakk og fiberkabel.

Arve Garvik har i fleire omgangar hjelpt oss med diverse sveisearbeid og anna mekanisk arbeid.

Morten Oseland har også dette året lånt oss vinsjen sin.

Sveinung Oseland har vore til god hjelp for oss med diverse datasupport.

Einar Egeland har hjelpt oss med levering av godt fotomateriale til bruk på heimesida.

Johannes Aardal hjelpte oss med å skaffe dei 30 Sandnes-pannene som måtte skiftast på taket av Grindahuset.

Bjørn Bråtveit har hjelpt oss med sveisearbeid.

Knud Lunde har overrekt gratis mange dekorative skåler i ulike størrelsar. Desse har han dreia av ulike treslag frå Arboretet.

BIDRAG TIL ARBORETFONDET 2015

Styret vil rette ein stor takk til alle trufaste Arboretvennar for innbetalte bidrag i 2015.

Ved utgangen av året hadde vi registrert 103 innbetalingar frå Arboretvennane. Det tilsvarar ein nedgang på 9 samanlikna med året før.

Takk til alle våre bidragsytarar for støtte i stort og smått!



ROGALAND ARBORET 2015

Org. nr. 870 920 342

Resultatregnskap

Rogaland Arboret

Driftsinntekter og driftskostnader	Note	2015	2014
Offentlige tilskudd		2 919 241	2 789 814
Salgsinntekt		136 596	139 951
Leieinntekter		483 649	312 275
Andre inntekter	3	562 478	507 702
Bidrag prosjekt	4	95 945	8 469
Sum driftsinntekter		<u>4 197 909</u>	<u>3 758 212</u>
Varekostnad		25 298	14 289
Lønnskostnad	5	2 846 137	2 799 133
Ordinære avskrivninger	1	80 378	80 378
Annen driftskostnad	6	965 831	861 559
Anvendt prosjekt	4	95 945	8 469
Sum driftskostnader		<u>4 013 589</u>	<u>3 763 828</u>
Driftsresultat		<u>184 320</u>	<u>-5 617</u>
Finansinntekter og finanskostnader			
Renteinntekter		127 908	248 215
Rentekostnader		26	47 279
Resultat av finansposter		<u>127 882</u>	<u>200 936</u>
Årsresultat		<u>312 202</u>	<u>195 319</u>
Overføringer			
Avsatt til annen egenkapital		<u>312 202</u>	<u>195 319</u>
Sum overføringer		<u>312 202</u>	<u>195 319</u>

Balanse

Rogaland Arboret

Eiendeler	Note	2015	2014
Anleggsmidler			
Varige driftsmidler			
Andre anlegg	9	1 687 884	1 408 296
Ikke avskrivbart dr.middel		20 000	20 000
Transportmidler		111 459	162 709
Maskiner		62 527	73 463
Sum varige driftsmidler		<u>1 881 870</u>	<u>1 664 468</u>
Sum anleggsmidler	1	<u>1 881 870</u>	<u>1 664 468</u>
Omløpsmidler			
Lager av hefter		13 270	26 540
Fordringer			
Kundefordringer		68 098	116 634
Forskuddsbetalte kostnader		71 717	79 659
Sum fordringer		<u>139 815</u>	<u>196 293</u>
Bankinnskudd, kontanter o.l.	2	7 160 193	6 785 799
Sum omløpsmidler		<u>7 313 277</u>	<u>7 008 631</u>
Sum eiendeler		<u>9 195 148</u>	<u>8 673 099</u>

Balanse

Rogaland Arboret

Egenkapital og gjeld	Note	2015	2014
Egenkapital			
Grunnkapital		100 000	100 000
Sum innskutt egenkapital		<u>100 000</u>	<u>100 000</u>
Testamentariske gaver	8	5 946 786	5 946 786
Sum egenkapital med selvpålagte restriksjoner		<u>5 946 786</u>	<u>5 946 786</u>
Annen egenkapital		1 878 113	1 565 911
Sum opptjent egenkapital		<u>1 878 113</u>	<u>1 565 911</u>
Sum egenkapital	7	<u>7 924 899</u>	<u>7 612 697</u>
Gjeld			
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		155 421	222 668
Skyldig offentlige avgifter		205 164	228 877
Ikke benyttet prosjekt	4	654 786	350 731
Annen kortsiktig gjeld		254 877	258 127
Sum kortsiktig gjeld		<u>1 270 248</u>	<u>1 060 403</u>
Sum gjeld		<u>1 270 248</u>	<u>1 060 403</u>
Sum egenkapital og gjeld		<u>9 195 148</u>	<u>8 673 099</u>

Espeland, Sandnes, 04.04.2016

Styret i Rogaland Arboret



Olav Folkvord
styreleder

Siri Bryne Ringstad
nestleder

Gudrun Kristensen

Evald Storaas Traa



Per Steinar Lothe



Jon Lea



Odd Arild Kvaløy



John Ivar Lima
Driftsleder

Regnskapsprinsipper

Årsregnskapet er satt opp i samsvar med regnskapsloven og god regnskapsskikk for små foretak.

a) Driftsinntekter og kostnader

Inntektsføring skjer etter opptjeningsprinsippet. Ved salg av varer er dette leveringstidspunktet. Tilsvarende for tjenester skjer inntektsføring etterhvert som de leveres. Kostnader medtas etter sammenstillingsprinsippet, dvs at kostnader medtas i samme periode som tilhørende inntekter inntektsføres.

b) Omløpsmidler/Kortsiktig gjeld

Omløpsmidler og kortsiktig gjeld omfatter normalt poster som forfaller til betaling innen ett år etter balansedagen, samt poster som knytter seg til varekretsløpet. Omløpsmidler vurderes til laveste verdi av anskaffelseskost og antatt virkelig verdi.

c) Anleggsmidler/Langsiktig gjeld

Anleggsmidler omfatter eiendeler bestemt til varig eie og bruk. Anleggsmidler er vurdert til anskaffelseskost. Varige driftsmidler balanseføres og avskrives over driftsmidlets økonomiske levetid. Varige driftsmidler nedskrives til gjenvinnbart beløp ved verdifall som forventes ikke å være forbigående. Gjenvinnbart beløp er det høyeste av netto salgsverdi og verdi i bruk. Verdi i bruk er nåverdi av fremtidige kontantstrømmer knyttet til eiendelen. Nedskrivningen reverseres når grunnlaget for nedskrivningen ikke lenger er til stede.

d) Varer

Varer er vurdert til det laveste av anskaffelseskost og netto salgsverdi.

e) Fordringer

Kundefordringer og andre fordringer oppføres til pålydende etter fradrag for avsetning til forventet tap. Avsetning til tap gjøres på grunnlag av en individuell vurdering av de enkelte fordringene. I tillegg gjøres det for øvrige kundefordringer en uspesifisert avsetning for å dekke antatt tap.

Note 1. VARIGE DRIFTSMIDLER	TRANSPORTM.	MASK.	ANLEGG	SUM
Anskaffelseskost pr 01.01.	275 000	209 364	2 350 930	2 835 294
Tilgang i året		-	297 780	297 780
Anskaffelseskost pr 31.12	275 000	209 364	2 648 709	3 133 073
Akkumulerte avskrivninger 31.12	163 541	46 837	960 825	1 171 203
Akkumulerte nedskrivninger/bidrag		100 000		100 000
Sum avskrivninger 31.12	163 541	146 837	960 825	1 271 203
Bokført verdi 31.12	111 459	62 527	1 687 884	1 861 870
Årets ordinære avskrivninger	51 250	10 936	18 192	80 378
Prosentats	4-7år	10 år	0-25 år	

OVERSIKT OVER TIDLIGERE INVESTERINGER

	Anskaff . år	Kostpris
Aktivitetshus	1 989	964 225
Garasje	1 992	232 438
Traktor	1 994	233 767
Brannslukkningsanlegg	1993-1994	837 171
Minigravemaskin	1 995	250 000
Tømmervogn	2 005	64 000
I ALT		2 581 601

Alle tidligere investeringer er utgiftsført i regnskapet. Verdien av dugnadsarbeid og arbeid ved egne ansatte er ikke tatt med.

Note 2. BANKINNSKUDD

Av bankinnskudd er kr. 60.778,- satt inn på bundet konto til dekning av skattetrekk.

Note 3. ANDRE INNTEKTER

	2 015	2 014
Bidrag arboreffondet	33 167	54 584
Andre bidragsytere	250	500
Bidrag besøkende	529 061	442 611
Div.inntekter	0	10 007
SUM ANDRE INNTEKTER	562 478	507 702

Note 4. BIDRAG PROSJEKT/ØREMERKEDE GAVER

Inntekter:	2 015	2 014
Tilskudd info prosjekt	25 000	25 000
Tilskudd infra prosjekt	375 000	0
SUM BIDRAG PROSJEKT	400 000	25 000

Anvendelse av prosjektmidler:

Parkeringsautomat - balanseført se note 1	0	0
Kostnader infoprojekt	95 945	8 469
SUM ANVENDT	95 945	8 469

UBENYTTET BIDRAG; OVERFØRES TIL NESTE ÅR **-304 055** **-16 531**

I tillegg til bokført verdi av "anvendt prosjekt" har de ansatte lagt ned betydelig innsats i prosjektene.

